

Kioskinstruks 2025

1. Nøklar

Nøkkel ligg i nøkkelboks ved kiosken. Lagleiar har ansvar for å låsa opp og igjen kiosken.

2. Oppmøte

Ved kamp i aldersbestemte klassar møter kioskvakt minst 30 min før kampstart. Ved seniorkampar møter kioskvakt minst 40 min før.

3. Servering

Ta med minimum ei platekake eller anna bakst. Dette må de vurdere ut frå tal spelarar og kor mykje publikum det pleier å vere på kampane. Det er vaffelrøre i kiosken som ein kan supplere med. Saft skal seljast i lerumbeger (evt kaffibeger om det er tomt for lerumbeger)

Dommarane får gratis saft, kaffi og eit kakestykke.

Prisliste med vareutval heng i kiosken. Arrangementsansvarleg syter for innkjøp og at det er nok varer til ei kvar tid. Send ein sms til arrangementsansvarleg (Birte A. Røysum, 90600678) om det manglar varer.

4. Fruktserving til laga i pausen

Både heimelag og bortelag skal få frukt i pausen. Frukt finn de i kjøleskapet og meir detaljert instruks heng i kiosken. Fruktfata skal leverast på benken til laga før pause. **NB! Viktig at de følgjer oversikta (heng på vegg ved sidan av mikrobølgeovn) når de kuttar opp frukt slik at det ikkje vert liggande igjen i kjøleskapet og vert øydelagt. Frukt vert handla inn etter kamplista. Oppdelt frukt som er til overs kan enten delast ut, takast med heim, eller kastast om det er igjen noko.**

5. Opprydding

Alt bestikk eller servise som er nytta skal vaskast opp før ein forlet kiosken, hugs fruktfata frå laga. Ta ut stikkontakt til kaffitraktar/vannkokar.

Avfallet i kiosken skal sorterast. Våtorganisk må tømmast etter siste kamp for dagen. Våtorganisk skal leggjast i skulen sin dunk ved inngang til skulekjøken/mediatek. Restavfall skal tømmast av dei som har golvvask. Sekk med restavfall skal setjast utanfor døra til kiosken.

Golv i kiosken skal vaskast med jamne mellomrom, sjå kampliste som heng i kiosken. Kampar merka med gult skal golv vaskast.

Pengeskrinet står på nedste hylle i skåp lengst til venstre. Pengar frå sal vert liggande i skrinet og vert henta av arrangementsansvarleg med jamne mellomrom.

Enkelte dagar, når det er mange kampar på bana eller ein forventar meir tilskodarar enn vanleg, kan utvalet i kiosken vera litt annleis. Dette kjem arrangementsansvarleg attende til nokre dagar før og vil sende ut informasjon til dei som må trø til litt ekstra.

Arrangementsansvarleg:

Birte A. Røysum, 90600678

Kioskinstruks 2025

Ta kontakt dersom noko manglar eller de har spørsmål angående kioskalet. Ta også kontakt om du kan tenkja deg å vera kioskansvarleg (det ideelle er at to personar deler på oppgåva).

Arrangementsansvarleg:

Birte A. Røysum, 90600678